

Part	Høyringsinnspel	Kommentar
Statens vegvesen	<p>Statens Vegvesen (SV) viser til sin rolle i arealplanlegginga. Vidare kommenterar SV at dei vil tipse om deira rettleiarar <i>V134 Veger og dyreliv</i> og <i>V271 Vegetasjon i veg- og gatemiljø</i>, som grunnlag for å sjå etter forslag og idear til eventuelle føringar eller tiltak.</p> <p>Dei visar også til heimesida deira for informasjonsside om framande artar der det står om korleis Statens vegvesen skal jobbe med framande skadelege artar langs vår vegar. Dei har og ei informasjonsside om verktøy for å unngå eller avgrense skade på miljø og samfunn.</p> <p>Til slutt vises det til at planen ikkje er juridisk bindande, og at den derfor ikkje vil ha påverknad på vedtekne arealplanar.</p>	Høyringsinnspelet vert tatt til orientering.
Vestland Fylkeskommune	<p><i>Planfaglege merknadar:</i></p> <p>Vestland Fylkeskommune (VF) seier at det er viktig at relevante organisasjonar, interessegrupper og enkeltpersonar blir involvert i planprosessen, og representerer natur, friluftsliv, kystkultur og kystnæringar mv.</p> <p>Korleis innspela vert vurdert og handtert bør kome tydeleg frem i det vidare planarbeidet.</p> <p>Vidare vises det til planar og strategiar som bør leggjast til grunn for vidare planlegging:</p>	<p>Høyringsinnspelet tas til orientering.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innspel og handtering skal kome tydeleg frem i den vidare planprosessen</li> <li>• Nemnte planar og strategiar leggjast til grunn for vidare arbeid.</li> <li>• NIN skal leggjast til grunn der registreringar finnast, men det er lite som er kartlagt med NIN metoden i Alver.</li> <li>• Sjekkliste skal utarbeidast til bruk i saksbehandling.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Utviklingsplan for Vestland 2020-2024</i></li> <li>• <i>Plaststrategi - ein plastfri natur og eit plastfritt hav i Vestland</i></li> <li>• <i>Regional plan for klima 2022–2035</i></li> <li>• <i>Regional vassforvaltningsplan 2022–2027 for Vestland vassregion</i></li> <li>• <i>Naturavtalen frå Montreal 2022</i></li> </ul> <p><i>Naturmangfald:</i></p> <p>VF visar til at planen burde nytte Natur i Norge (NIN) kunnskap og kunnskap om økosystemtenester. Vidare blir det kommentert at arealrekneskap bør vurderast både i denne planen og kommuneplanens arealdel.</p> <p>VF tipsar om at ein burde utarbeide ei sjekklister til bruk i saksbehandling, og at klimarisiko burde innarbeidast som tema i planen.</p> <p>VF seier vidare at følgande område burde inkludert i prioriterte område:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Område med potensiale for restaurering</i></li> <li>• <i>Viktig kulturlandskap og nærnatur</i></li> <li>• <i>Naturlege korridorar som ulike artar kan bevege seg gjennom</i></li> <li>• <i>Område viktig for klimatilpassing og bruk av naturbaserte løysingar</i></li> <li>• <i>Økosystemtenester</i></li> </ul> <p>I tillegg minnes det om livet i sjøen og langs kysten.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Føreslådde prioriterte område tas til orientering og skal vurderast å tas med i planarbeidet. Viktige kulturlandskap og nærnatur er del av kommunedelplan for kultur og liv i sjø og langs kyst er allereie inkludert i KDP NM.</li> <li>• Regional plan for klima skal tas omsyn til.</li> <li>• Geologisk mangfald er ein del av KDP NM omsynssoner.</li> <li>• Vassforskrifta skal inkludert under relevante lovverk.</li> <li>• Planen skal ta omsyn til kartlegging av sjøaure og elvemusling.</li> </ul>
--	---	---

*Regional plan for klima:*

VF visar til relevante føringar:

- *13. «Regional og kommunal planlegging skal ta høgde for eit endra klima og redusere fare for skader knytt til auka nedbør, flaum og havnivåstiging. Dette ved å unngå arealinngrep nær bredda av vassdrag, bekkar, sjø og i strandsona, og sikre areal til overvasshandtering.»*
- *16. «I regional og kommunal planlegging skal naturbaserte løysingar for klimatilpassing prioriterast der dette er mogeleg.»*
- *17. «Vi bør unngå utbygging på karbonrike areal, som myr, våtmark og skog. Om tilstrekkelege kartleggingar ikkje er gjort skal føre-var-prinsippet leggest til grunn (jf. Naturmangfaldlova §9).»*
- *18. «Kommunar bør kartlegge økosystem og karbonrike areal med funksjon for klimatilpassing og opptak av CO2.»*
- *20. «I regionale og overordna kommunale planprosessar skal potensielle område for restaurering av naturområde identifiserast og vurderast.»*
- *21. «Kommunar bør utarbeide arealrekneskap som grunnlag for kommuneplanen sine arealstrategiar og arealdel.»*

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 23. «I kommunal og regional planlegging bør det leggast vekt på gode heilskaplege løysingar og ta i vare økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing som bidreg til auka kvalitet i uteområda.»</li> </ul> <p><i>Geologisk mangfald:</i> VF visar til NGU datasett og registreringar av geologisk mangfald i kommunen. VF seier at dei kan bli kontakta for nærare opplysningar.</p> <p><i>Vassfagleg uttale:</i> VF visar til at kommunedelplan for naturmangfald er høgst aktuelt med omsyn til vassmiljø, biologisk mangfald og økosystemtenester. VF visar til at vassforskrifta er heimla i naturmangfaldslova i tillegg til ureiningslova, plan og bygningslova og vassressurslova og at vassforskrifta burde inkluderast under relevante lovverk. Til slutt viser VF til kartlegging av sjøaure i Nordhordland og minner om førekomst av elvemusling i Mjåtveitelva. VF ber om at deira innspel vert nytta i planarbeidet og står til disposisjon for dialog.</p>	
Aina Isdal Haugland	Innspel om at habitatet «natt» skal inkluderast i planen som ein omsynssone. Dette fordi lysforureining har ein stor	Høyringsinnspelet vert tatt til orientering, og det er klart at lysforureining er eit aukande

	<p>negativ påverking naturen. Til døme har lysforureining ført til nedgang i fleire insektpopulasjonar og endra døgnrytme hos fugl. Haugland viser til vedlagt dokumentasjon og kommunar som har regulert lysforureining i hytteområde. Haugland ønskjer at det vert regulert og stilt krav til utforming av lys og korleis lys vert brukt.</p>	<p>negativt problem. KDP NM er ein ikkje juridisk bindande plan som har fokus på kunnskapsoppdatering og omsynssonar for naturmangfaldet. Det vil ikkje være mogleg å ha ein omsynssone for «natt» over heile kommunen som er det verkemiddelet denne planen har.</p>
<p>Forum for natur og friluftsliv Hordaland</p>	<p>FNF er positive til planen og tilbyr seg å bidra med ressurspersonar inn i ressursgruppe om ønskeleg. Tipsar også om Naturvernforbundet som ressursgruppe.</p> <p><i>Kunnskapsgrunnlag:</i></p> <p>FNF visar til at ein viktig del av arbeidet med kommunedelplanen blir å påpeike både kva man veit, men også kva man ikkje veit om naturmangfaldet i kommunen – sistnemnte punkt burde løftast enda tydelegare frem i planprogrammet.</p> <p><i>Kommuneplanens forhold til reguleringsplanar mm.</i></p> <p>FNF visar til at arealendringar er den største trusselen mot artar og naturtypar. Under arealendringar finn vi nedbygging av arealar, som gjerne er lovleggjort gjennom reguleringsplanar. FNF meiner det er eit poeng å løfte frem både i planprogrammet og i sjølv</p>	<p>Høyringsinnspølet vert tatt til orientering i teke med i vurderingane i det vidare planarbeidet</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Naturvernforbundet vil også være ressursgruppe under planarbeidet.</li> <li>• Naturmangfaldslova er en del av føringa i planarbeidet.</li> <li>• Temakart vil være dynamisk og oppdaterast fortløpande.</li> <li>• NIN skal inkluderast der tilgjengeleg, men lite av kommunen er kartlagt med NIN metodikk.</li> <li>• Artsrike og varierte naturområde er inkludert i planarbeidet.</li> </ul>

planutkastet at det også kan finnes viktige naturverdiar som kan bli påverka av utbyggingsplanar, sjølv om disse ikkje er kjend før planprosessen settes i gang.

FNF ønsker også å løfte frem landbruksveger og skogsbilveger som eit stort problem.

FNF ønsker at KDP NM skal innehalde formuleringar der både administrasjonen/forvaltninga i kommunen og politikarane minnes på at naturmangfaldlova § 8

setter krav til kunnskapsgrunnlag for offentlege beslutningar (f.eks.

planvedtak), der det heiter at

«offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på

vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger».

*Temakart for naturmangfald:*

FNF minnar om at det er viktig å presisere at eit slikt kart ikkje er uttømmende, då det fortsatt vil være mykje man ikkje veit om naturverdiane i kommunen.

Minnar også om at NiN må med som et kriterium.

FNF ønskjer at artsrike og varierte

	<p>Naturområder også er inkludert, eventuelt kan det slås fast i planprogrammet at denne type områder er med i kategorien som heter Områder som er vurdert som lokalt viktige.</p> <p>Til slutt viser FNF til aktuelle lenker.</p>	
Statsforvaltaren i Vestland	<p>Statsforvaltaren i Vestland (STV) minner om alvorlighetsgraden av arealinngrep og tap av biologisk mangfald.</p> <p><i>Nasjonale og regionale føringar:</i></p> <p>Statsforvaltaren saknar ei noko meir utfyllande oversikt over nasjonale og regionale føringar for planarbeidet.</p> <p>Aktuelle retningsliner er til dømes <i>Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.</i></p> <p>Planprogrammet kunne også med fordel vist til den nye naturavtalen som ble signert i desember 2022.</p> <p><i>Kriterium for arbeidet- kva areal skal bli prioritert:</i></p> <p>STV ønskjer at samanhengande grønne og blå naturområde - grøn infrastruktur skal inkluderast.</p> <p>I nokre fall vil og mindre areal, til dømes strender og kantvegetasjon langs vassdrag</p>	<p>Høyringsinnspel vert tatt til orientering.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oversikt over nasjonale og regionale føringar for planarbeidet skal oppdaterast og naturavtalen skal inkluderast i plandokumentet</li> <li>• Grøn infrastruktur vil bli tema i kommuneplanens arealdel</li> <li>• Fokusartar skal vurderast.</li> <li>• Framande artar skal inkluderast i planarbeidet.</li> <li>• Det vert utarbeida eit notat om medverknad som ein del av planarbeidet.</li> <li>• Arealrekneskap vert ein del av den pågåande prosessen med KPA</li> <li>• Handlingsdelen blir en del av plandokumentet.</li> </ul>

kunne utgjere særleg viktige areal å ta vare på seier STV. Viser til veileidar frå NINA og Nordre Follo kommune.

STV bemerkar at kommunen også kan vurdere om det er særskilte «fokusartar» dei ønskjer å trekke fram gjennom planarbeidet.

*Framande artar:*

Burde inkluderast i planarbeidet.

*Kart:*

STV poengterer at kunnskapsgrunnlaget som kjem fram gjennom planarbeidet og temakartet bør danne grunnlaget for vurdering av om viktige naturverdier har høveleg arealføremål i kommuneplanen som sikrar verdiane i langt større grad.

*Medverknad:*

STV påpeiker for lite informasjon og trekk frem barn og unge. Burde vore sagt noko meir om korleis kommunen tenkjer å invitere til medverknad, og det vert anbefalt å leggje opp til involvering av innbyggjarar og lokale ressurspersonar, skular, organisasjonar, foreiningar og liknande, til dømes gjennom intervju-undersøking, folkemøte, eller temasamlingar. Opprettelse av ressursgruppe anbefales og STV stiller seg til disposisjon.



	<p><i>Arealrekneskap:</i></p> <p>STV meiner at eit kapittel om arealrekneskap for natur, og ei kopling av dette opp mot kommuneplanen også vil vere nyttig.</p> <p><i>Handlingsdelen:</i></p> <p>Ein kommunedelplan for naturmangfald skal ha ein handlingsdel, jf. pbl. § 11-1. STV påpeiker at det står ingenting i planprogrammet om denne delen av planen. Handlingsdelen skal sei noko om korleis planen skal følgjast opp dei fire påfølgande åra eller meir. STV legg til grunn at planprogrammet vert oppdatert med ein kort omtale av handlingsdelen og kva denne skal innehalde.</p> <p><i>Oppsummering:</i></p> <p>Til slutt viser STV til rettleiaren til Miljødirektoratet for utarbeiding av kommunedelplan for Naturmangfald.</p>	
Sveinung Toft	Opplyser om område med snelle-svartorskog som burde bli registrert.	Lokaliteten skal undersøkast i planarbeidet